

Halling- jom



Læsblad for Hallinglaget - i Oslo -
- N.R. 1/16

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til årsmøte	side	6
Jenter i vinden, samt Minikurs	side	7
Årsmelding for Hallinglaget	side	8
Naturbilde + Fele til leige	side	12
Program for våren	side	13
Årsmelding for Hallingbu	side	14
Lagsinformasjon	side	16
Mari Nustad bur no i Etnedal	side	17
Hallinglagsnytt	side	19
Eit topp Folkedanskveld	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Godt nyttår alle saman!

Eg håper mange blir med i Hallinglaget i det nye året 2016!

I heile fjar gjorde eg ein ekstra innsats med å prøve å få med fleire hallingar i laget, og nokre få hallingar er kome til. Det er bra for dei siste åra har det ikkje vore noko rekruttering frå dalen vår! For korleis skal det da gå med Hallinglaget på sikt? Også siste året er det danseglade folk frå alle kantar av landet som heldt liv i oss. Eit par artiklar er skrive i lokal-avisa vår Hallingdølen utan at det gjorde så mykje frå eller til? Denne hausten hadde me eit gledeleg besøk av Dagsavisen (slå den!) – som lurte på korleis me klarte å overleve! Det me kanskje må håpe på er at me blir verneverdige? Frå spør til alvor, det er jo den rimelege husleiga i Nordahl Bruns gate som heldt liv i oss (fordi me eig huset sjølve!), og at me har positive og sær dyktige spelemenn/kvinner og instruktørar som stiller opp! Så takk til alle de som tar i eit tak! Utan dei som stiller opp hadde me ikkje eksistert. Eg håper at folk framover vil verne om sin eigen kultur, for ein må kjenne sin eigen for å sette pris på andre sin – trur eg.

Eige hus ja! Takka vere at me fekk hjelp av Olav Thon for fire år sidan så eig me huset vårt 100% ! Bygdelagssamskipnaden (BLS) har no fått plussøkonomi, for Thon sletta lånet på garden og driftar no Nordahl Buns gate gratis for oss fjerde året på rad! Men 2016 er siste året med gratis drift! I tillegg til det så fører Olav Thon Gruppen rekneskapen gratis for oss. Berre denne gåva er på langt over ein million kroner kvart år! Og som om ein ikkje skulle vere takknemleg for at Thon sletta gjelda på huset som var på over elleve millionar, så driv leiinga i BLS no og vurderer å gjera garden vår om til eit AS! Thon ser på overgang til aksjeselskap som sal av garden! (pga. mindre kontroll med garden ved eit AS), og dette lånet må BLS betale tilbake om ein sel garden innan 50 år er gått! (Dette var Thon sin måte å få dei som er salsivrige til å få problem med å selje huset vårt). Arbeidet med denne overgangen går antakeleg sterkt utover anna arbeid i BLS Styret!

Berre det å irritere Thon med dette, akkurat no, for kanskje å spare litt skatt når ein går med overskot! Etter at gratis drift og rekneskapsføring er over vil vel ikkje garden gå så mykje i pluss? Ein burde heller bruke kreftene på å få Thon til å fortsetja drifta rimeleg, og få til betre rekruttering og folk til Bygdelaga. Leiinga i BLS meiner at det er betre med eit eige AS, men dei ikkje klarer å syne kva ein tener på eit AS! Hittil er det berre synsing og dei seier tal skal kome og at det skal bli betre! Skal det trumfast igjennom på neste Generalforsamling? - utan at tal er lagt fram? Dei gamle motsetningane i BLS blir vekt til live att, og det slit på mange av tillitsfolka. Vankunne fører gjerne til armod, og den økonomiske forstanden til nokre av folka i BLS er dårleg. Rart dei trur at dei veit betre enn Thon? Tenk å få ei gáve på over 20 millionar av Thon, for så å kaste 12 millionar ut av glaset! Alt dette slit veldig på meg, som leiar i Hallinglaget.

Heldigvis begynner Eigedomsnemnda i BLS og sjå lyset, for no har dei pengar til å få til modernisering og oppussing. Og alle i BLS er einige om at me må ha eit profesjonelt driftselskap til å drifte dei om lag 40 hyblane og 10 leilegheitene som Nordahl Bruns gate inneheldt. Inntekta kvart år har no passert fem millionar. Før me fekk hjelp av Thon var det fullt kaos med utleigeavtalene, og kostnadene var formidable til det amatørmessige rotet.

Det er ikkje berre BLS som treng folk til å ta i eit tak, også Hallinglaget om det skal gå betre enn no! Hallinglaget treng hjelp til styre og stell og me treng medlemer som me kan melde inn til Norge Ungdomslag. Så det er kjempefint om folk nyttar medlemsgiroen som ligg ved denne avis.

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

Bli med å dans i året som kjem ...

Kos dikkon med Hallingljom!

*Beste helsingar
frå Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*



Helgekurset, 14. og 15. november samla mykje danseglade folk, sjølv om det hadde vore plass til nokre til!

Det var svært god og grundig instruksjon ved Silje Risdal Liahagen og vår Danseleiar siste år Simon Hesselberg Løvald. Dette er aktive og dyktig folkedansera som verkeleg fekk oss til å lære!

Bildet er frå sundagen, vår kjære spelvinne Hilde Kirkebøen er lengst til høgre med fela, og ved sida av henne ser me Silje og Simon. Eg håper bildet av **alle** dei glade danserane som no kan hallingspringar, får folk til kome til øvingane i Hallinglaget. Vel møtt alle saman.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2016

I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 2. mars kl. 19.00
i
Blåsalen
Nordahl Bruns gt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2015
4. Godkjenning av rekneskapen for 2015
5. Arbeidsplan for år 2016
6. Fastsettjing av prisar og medlempengar
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 17. februar 2016.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2015, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

Nye Hallingjenter som kan mykje om folkemusikk og dans i Hallinglaget



Silje Risdal Liahagen har gleda uss med god instruksjon fleire gongar dei siste par åra...

Hallinglaget treng folk som kan danse, og Silje er topp A-klasse dansar i hallingspringar! Ho har dansa seg opp i A-klassa saman med Vetle Springgard og Margit Myhr (springar med to følgju!). Silje er også med i **Kvedarkvintetten** som kjem ut med Cd dette året! – så følg med!

Best av alt: Silje blir Danseleiar i Hallinglaget frå og med no. Så no er det ingen grunn til å sitja stille:

- No må alle kome å danse! Vel møtt.

Helga Myhr kom som eit frisk pust til Hallinglaget sist haust. Ho liker å spele til dans, og det er me svært glad for. Makan til felespel av ein 20-åring skal ein leite etter. Helga starta opp på Norges Musikkhøgskole dette året, og me håper ho vil å spele for oss medan ho er i Oslo. Ein kan høre henne alt på Minikurset 24. januar, der Helga vil spele og Silje instruere. Sist sommar vart ho A-klassen spelemann på Fagernes! Helga er også med i **Kvedarkvintetten** og kan meir folkemusikk og dans enn vanleg, takka vere at ho er dotter til Gunnlaug og Martin på Torpo!

- Lykke til med studiene i Oslo! Helsing Hallinglaget.

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag 24. januar i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar frå Torpo/Ål. Dansespel ved **Helga Myhr**, også frå Torpo/Ål. Helga er fantastisk dyktig til å spele, så her blir det dans og spelning som om ei skulle vore på Hugnadsheim på Torpo ... Her vil det koma mykje folk! **Inngangspengar: 120 kroner (80 kroner for studentar) som gjeld for heile kvelden.**

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2015

Styret:

Leiar: Terje Grangård.
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen.
Kasserar: Elin Berget frå 1. januar til 1. juli 2105.
Gro Sissel Taraldrud frå 1. august 2015.
Skrivar: Sigbjørn Galdal.
Styremedlem: Else Mohn.
Styremedlem: Simon Hesselberg Løvald.

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth og Hilde Kirkebøen.

Bladnemnd: Terje Grangård, Svein Aasen og Else Mohn.

Danseleiar: Simon Hesselberg Løvald

Valnemnd: Ola R. E. Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Revisor: Alix Cordray

Hallinglaget hadde årsmøte den 18. februar i 2015. Dette året hadde Hallinglaget 39 fullt betalande medlemer og 9 bimedlemer. Av medlemene var ein person under 26 år, hurra for Simon! Dette var omlag som året før, det er veldig viktig at me heldt oss på dette nivået, så bruk innbetalingskortet! Laget håper å få med fleire medlemer og unge neste år.

Dette året har også vore eit aktivt danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2015 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22, samt ei ekstraøving for dei som dansa lagdans på Landskappleiken på Fagernes. Det var godt og variert spel på desse øvingane: Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Atle Haugen, Jegeir Trøym og Eilev Myhren på hardingfele, samt Halvar Opheim på torader.

Hausten 2015 hadde Hallinglaget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Vår kjære spelvinne Hilde Kirkebøen spelte mest, men alt på fyrste øvinga fekk me Helga Myhr til å spele for oss. Helga begynte på Musikkhøgskola denne hausten, og ho vil gjerne spele for oss for å øve på dansespel. På andre øvinga denne hausten spelte kanadiske Laura Ellestad for oss, ho er særskilt god til å spele! Så du verden for nokre speljenter me er velsigna med å ha! Dette gjer det svært moro å halde på med dansen, for godt dansepel gjer oss alle eit løft som gjer det ekstra lett å danse. Forutan desse kvinnene har me to solida karer, også på hardingfele, Ola R. Imset og Atle Haugen, som spelte isaman på siste øvinga i haust, som var juleavslutning der me heldt på ein ekstra halvtime,. På mest alle øvingane dette året er det servert heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 10 - 16 personar. Styret synes at det viktigaste laget gjør er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden, og takker våre gode spelemenn/kvinner som spelar så bra for oss.

Dette året er det halde berre tre styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Styremøta har vore i Nordahl Bruns gate, på ein onsdag før springarøvingane startar opp. Stemninga på styremøta

er god og til mat er pizza servert. På fyrste møtet i haust hadde me òg besøk av leiaren i Bygdelagssamskipnaden (BLS), Hilmar Nummedal, som ville høyre korleis Hallinglaget klarte seg. Me svarte at me sleit med rekrutteringa og at få nye er viljuge til å bli med i styre og stell. Medlemene i BLS «blir eitt år eldre kvart år», noko alle er klar over og som alle jobber for å betre. Nokre av ressursene i BLS vil bli brukt til rekruttering framover, eks. er nye Web-sider og nokre ekstra tilskipingar. Det er fint om alle møter opp seg på eit arrangement i ny og ne. Elles er epostmeldingar og telefon nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar på sundagar dette året òg! (1. februar og 11. oktober). Minikursa er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar minst 20 deltakarar med folk i alle aldrar og dei skapar god blest om dansen vår. Laget rettar ein stor takk til dei som gjorde desse kursa mogeleg. På det fyrste minikurset var Silje Risdal Liahagen instruktør og på det andre var Simon Hesselberg Løvald instruktør. Våre særskilte gode spelkvinner Hilde Kirkebøen og Helga Myhr spelte på desse kursa. Merk dykk at desse minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er gode! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå rørospols til springleik. Spesielt polskursa er populære, det fyrste Finnskogspols-kurset i haust samla omlag 50 deltakarar! Det vart halde av Audun Grüner Hegge og Anbjørg Myhra Bergwitz, som vant Dans fele kl. A på Landskappleiken i år. Dei gjer også ein god jobb med folkedansen i Oslo, ved å leia danseaktiviteten i BUL, og BUL gjer det bra! Heldigvis er også hallingspringaren så populær at minikursa går i balanse når dei som heldt det ikkje krev for store honorar. Hallinglaget satsar på desse minikurs og vil halde fram med dei.

Buskerudkappleiken i år var på Gol 11. april. Diverre klarte ikkje Hallinglaget å delta på lagdans der. Men det var god deltaking på kappleiken og ein veldig triveleg dansefest til langt på natt. Mange med tilknyting til Hallinglaget var der, og mange unge folkemusikarar og dansera. Så håpet er at fleire av dei kjem til hovudstaden etter kvart og blir med i laget vårt.

Fleire medlemer frå Hallinglaget vitja Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (28. mai - 31. mai). Hallinglaget fylte opp ei hytte på Satakroken Camping og hadde det bra der! Mange tok seg fri på fredagen og fekk med seg underhaldninga torsdag/fredag som alltid er svært bra. (Kyrkjekonsert, Folkemusikkquiz/pub, frokostspringar, intimkonsertar). Dette året var det surt og kaldt, men me budde godt og varmt og det var sett opp telt i sentrum. All dans var inne, og konsertane var kjempebra som vanleg. Hallinglaget vil satse vidare på slike fellesturar for dei er viktig for samhaldet i laget. Eg synes dei tilreisande blir godt imot på Ål! Me fekk ikkje dansa på Bygdamønstringa i år heller, det var ikkje nok folk til det.

Bygdelagsstemnet på Bygdøy var dette året 7. juni. Her var det godt bygdespel ved Laura Ellestad, som er ekspert på valdrespel, men som også kan spele hallingspringar, telespringar og pols. Ho er frå Canada, og er den einaste «utenlandske» eg veit om som har klart å spele seg opp i A-klassa i hardingfelespel! Også dette året vart det servert super blautkake og kaffi til alle frå BLS, BLS spanderte! Kvelden vart avslutta med ein fin dansekveld ute, der Østerdølenes Spelemannslag spelte som vanleg. Sjølv om alle medlemer i bygdelaga i BLS får fribillettar har deltaking ikkje vore god nok synes leiinga i BLS. Så neste år blir det ikkje Bygdelagsstemne! kanskje aldri meir? Det er krevjande å samle folk i helgene! Den fine opplevinga med å danse ute i vakkert vårvær er antageleg over? Men i 2016 skal det bli dans alle salar i Nordahl Bruns gate 22 under «Kulturnatta» som skipast til våren. Gidd nokon å kome på det tru?

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu var laurdag 13. juni i flott somarvær! Kanskje fordi det var i helga, midt i dugnadshelga frå fredag 12. til sundag 14. juni, var det berre 6 personar med i år. Neste år blir det ein onsdag att. Det var godt at det var laurdag slik at ein verkeleg kunne ete og kose seg og

slipppe å haste neda att til byen. Men to måtte reise ned att, fire av oss overnatta og fortsette dugnaden på sundagen. Dette vart difor ei sær god og viktig dugnad på Hallingbu. For å halde Hallibgbu i orden, og få gjort noko nyttig kvart år er det faktisk naudsynt med si 80 timar kvart år! Normalt har vel berre det halve vore normalen, men dei siste par åra har det vore gjort mykje meir! Været var skjeldent bra og alle som var med var svært nøgde. Ein stor takk til dei som møtte opp og tok eit tak, det er referat frå denne turen i Hallingljom 2/15. Takk til Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Heidi Wie, Svein Aasen, Trond Roseth og underteikna. Alle kan skrive under på at marka er på sitt beste på denne tida.

For niande året på rad stilte Hallinglaget på lagdans under Landskappleiken, som dette året var i Fagernes, sammen med Jørn Hilme stemnet, alt på ein gong siste veka i juli! Lenge etter siste øvinga i hovudstaden! Men Hallinglaget klarte å stille med fem par, det vart som vanleg moro! Eg trur alle fekk oppleve dansegleda minst ein gong i Fagernes? – sjølv om det var kaldt og surt denne helga – men været kan ein ikkje gjera noko med, ein må berre danse hardare! Så takk til dei som tok seg fri og deltok. Laget takkar inderleg: Berit Grøtt Ellefsen og Oddmund Vestenfor, Else Mohn og Olav Sem, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal, Heidi Wie og Olav Arne Løstegaard og Mari Nustad og Terje Grangård. Me hadde sær godt dansespel – både Øyvind Brabant og Ole R. Imset spelte for oss, så det var skjeldant moro å danseøve i Skattebustugo på Valdres Folkemuseum. Aldri har me dansa for fleire, ute på musèet - i amfiet - rett før kvalifiseringa til Lausdans klasse A! Rett før, som lag nummer 10! – Lagdansen var delt, ti lag før og tjuge lag etter lausen! Det må ha minst ha vore 500 tilskodera som såg på, me var nøgde då me fekk til ei fin avslutning der para stoppar etter kvarandre på ei rekke. Men plasseringa vart so som so, me delte sisteplassen med to andre lag. Så me må øve meir, og få til meir moro på scena! Nivået blir stadig betre, så det spørker vel om me klarer å halde på denne tradisjonen?

Nytt av året var at Hallinglaget deltok på ei stor Kulturfending i Fredrikstad. Takk til Sigbjørn Galdal som stod på for å få til dansepar til dansen og dansepel med godt driv. Me dansa tre gonger på ei utescene ute i Gamlebyen, for ei perle av ein stad, sjå fyldig referat i førre Hallingljom. Det slår meg, at hadde me vore fleire, vore ein samansveis gjeng, så kunne me ha hatt det moro med å vere med på dansemoro rundt i landet. Hallinglaget fekk hjelp av fire gode dansera frå Vestfold, og her vil eg takke Sigbjørn, Gro Sissel Taraldrud, Michel Gascoin og meg sjølv! Og ikkje minst Laura Ellestad for framifrå dansespel. Eg kjem aldri til å gløyme alle ungene på fyste danseframsyninga tidleg på kvelden, ei fin lita jente på 5-6 år sa: «åhh - eg gler meg så til å sjå dere danse!» - kanskje ikkje sikker på at me kunne?

Den planlagte Bygdefesten i oktober saman med Valdreslaget, Numedalslaget og Telelaget måtte avlystsast, då det vart for mykje som skjedde denne hausten! Den helga me skulle ha festen skjedde det så mykje at det var uråd å få tak i spelemenn og få til fest! Så planen er no at me skipar til ein fest til våren. BLS vil støtte opp om slikt samarbeid, og eg håper at folk i Hallinglaget vil gjere det også ...

Besøk av Dagsavisen, tidlegare Arbeiderbladet, med journalist og fotograf. Dagsavisen ville intervjuje bygdelag, mellom andre Hallinglaget, for å høyre korleis me kunne klare å halde på enno! Dei synest det var rart at me klarte uts, i ei moderne tid, med folkemusikk og dans! Eg fortalte så godt eg kunne, og sa at på grunn av svært rimeleg husleige (pga. eige hus!) og på grunn av sær gode spelemenn og nokre ildsjeler kan me halde på enno! Og det at det framleis kjem nokre dansera kvar onsdag sjølvsagt. Artikkelen som kom ut i november var bra, så eg har mottatt mange venlege kommentarer etter den, spesielt frå medlemer i Symra som også danser på onsdager.

Også dette året skipa Hallinglaget til eit søkkande bra helgekurs i hallingspringar, helga 14. - 15. november, der mykje klaffa! Dette kurset er eitt av dei beste me har skipa til, der folk lærte svært mykje og alle var nøgde. Ein stor takk til dei framifrå instruktørane som synte alle turane så bra: Silje Risdal Liahagen og Simon Hesselberg Løvald. Dansespelet var kjempebra, på laurdagen spelte Ola R.

Imset og Atle Haugen for oss, og på sundagen spelte Hilde Kirkebøen meisterleg. Og maten som kvinnene i Styret laga, hausta applaus, den smakte som vanleg. Ekstra moro var det at heile Styret deltok, forsterka med Elin Berget, som hadde tatt turen ned att til Oslo for å hjelpe til. Godt at det finnes slike ildsjeler. Heldigvis er det såpass mange som kjem att kvart år att me kan halde på me desse kursa, desse kursa er faktisk det beste Hallinglaget får til kvart år... Årets kurs kan ha vore no. 25 i rekka! Ein artikkel om desse kursa kan kome i Hallingljom, om underteikna får tid ...

På Oslokappleiken helga etter, laurdag 21. november på Riksscena, klarte ikkje Hallinglaget å stille lag til Lagdansen! Eigentleg orka ikkje underteikna å mase meir etter det tøffe kurset helga før, og han visste at svært få av medlemene i Styret kunne delta – så det vart ikkje lagdans. Dei som var på dansefesten på kvelden var nøgd med dansekvelden. Mange gode spelemenn og mykje variert dans på to golv. Så det slår ein: få stader kan ein danse meir enn i Oslo . Folkedans er sunn moro!

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22. mars og 15. november. Begge desse gongene spelte Enebakk Spelemannslag der Ola R. Imset er med og spelar. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar sundag er det gode spelgrupper som spelar til dans der. Om folk ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person til, slik at me blir fleire. Eg foreslår at me satsar på ein sundag kvart halvår, der Hallinglaget stiller opp med fullt mannskap og set fart på dansen.

På juleavsluttinga den 2. desember vart det servert gløgg, klementinar, julekake og gode kaker bakt av Jette Iversen og Else Mohn! Me prioriterte dansen med to spelemenn! Både Ola R. Imset og Atle Haugen spelte for oss til halv ti. Takk til alle som kom.

Hardingfela til Hallinglaget ligg klar til å leigas ut til ein ny person som vil prøve seg på hardingfelespel. Laget håper at nokon vil melde seg, for laget gler seg over at fela vår er i bruk hos ein som vil lære. Interesserte kan få tilsendt felereglane og utleigeprisane me har, dei er rimelege.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar og er leiaren sitt hjartebarn. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver, men dei kostar peng. Så papirkopier sendes no berre ut til medlemer, til dei som kjem på øvingane og til dei som er nemnt i bladet. Dei andre får avis på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på www.hallinglaget.net. Her ligg også dei siste utgåvene av Hallingljom lagra.

Dette året fekk Hallinglaget diverse stønad frå Sparebank 1 Hallingdal, Skue Sparebank og frå Studieforbundet for kultur og tradisjon i Vågå. Tilskipingane våre har også dette året gått relativt bra. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til eit nytt år.

Leve Hallinglaget!

*9. jan 2016,
Terje Grangård*

Hallingdal har fått ein ny meisterleg naturfotograf, Thomas Mørch frå Nesbyen!



VINNARBILETET: Rukkedalsmafiaen. (Foto: Thomas Mørch, saksa frå Hallingdølen)

Nesningen Thomas Mørch har teke Årets naturfotografi i 2015, av ingen ringare enn den såkalla «Rukkedalsmafiaen» – fem ugler som sit på rekkje og rad på ei grein. Han vant fotokonkuransen til «Photographers of Nordic Nature». 640 personar har delteke i konkurransen på facebookgruppa. Meir enn 2000 bilete har vorte sendt inn, og 227 av dei vart nominert til pris. Mørchs førstepremie er fiskeutstyr for 10.000 kroner

Om nokon i Hallinglaget tek eit *like godt bilet* så vil me gjerne ha det med i Hallingljom!
Hallinglaget gratulerer!

HARDINGFELE TIL LEIGE

Hallinglaget har ei Einar Løndal hardingfele frå 1983, som laget kjøpte i 1996 for 18.500 kroner. Fela er bra og ho er no klar til å leigast ut til ein interessert person i Hallinglaget.

Interesserte kan få tilsendt Felereglane. Reglane seien at den som leiger fela må vere medlem i Hallinglaget, og at ein setter på nye strenger når ein leverer fela tilbake! Prisen for å leige fela har dei siste åra vore 800 kroner, og det er rimeleg for Hallinglaget betaler forsikringa! Prisen kan bli auka med ein hundrelapp dette året (Styret avgjer!).

I reglane er det også nemnt eit depositum for å få leigd fela, men det har me ikkje praktisert. Me synes det er nok at den som leigar fela forsikrar at ein er interessert og vil ta vare på hardingfela etter beste evne. Etter to år skal fela leigast ut til ein ny person om det er fleire som vil leige ho! For etter å ha leigd fela i to år må ein vite om ein vil investere i si eiga fele, og då er de mest solidarisk at ein ny person får prøve seg.

Terje

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

6. jan.	Springarøving kl. 19.00.
20. jan.	Springarøving kl. 19.00.
3. feb.	Springarøving kl. 19.00.
17. feb.	Springarøving kl. 19.00.
16. mar.	Springarøving kl. 19.00.
13. apr.	Springarøving kl. 19.00.
27. apr.	Springarøving kl. 19.00.
11. mai	Springarøving kl. 19.00. <i>Utdeling av diplom til ihuga dansarar.</i>
25. mai	Extrarøving kl. 19.00 for Lagdans/kan bli utsett!

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 24. januar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Helga Myhr spelar!
Det blir super instruksjon i ein og ein halv time ved
Silje Risdal Liahagen frå Ål . **Møt opp!**
Her kjem det mange og det blir mykje god springardans!

Onsdag 2. mars: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemer og andre er velkomne.

Sundag 6. mars: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.
Denne kvelden er det **Enebakk Spelemannslag**, med **Ola R. Imset**, som spelar.
Dei er gode å danse til, så møt opp og kjøp våre gode vafler!

9.. april: Buskerudkappleik på Eidsfoss!

26. mai – 30. mai: Folkemusikkveka på Ål.
Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!
Hallinglaget vil leige ei hytte eller to ein høveleg stad.

Onsdag 8. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!

22. juni – 26. juni: Landskappleik på Vågå!
Landskappleiken vil samle mykje folk og Hallinglaget satsar på å stille i Lagdans!

VELKOMNE SKAL DE VERA!
Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (beritsatelier@hotmail.com)
Gro Sissel Taraldrud: (48 03 49 43), (gst@cultura.no)

Årsmelding Hallingbu 2015

Det har vore mange fine turar til Hallingbu i år.

Mange hyggeturar, med overnatting, god mat og bading, og fleire dugnadsturar.

Spikjikjøtturen vart i år flytta til laurdagen i ei stor dugnadshelg, og samla 6 stykker rundt eit fullsatt middagsbord inne. Det vart ein fin kveld med fyr på peisen og god kvile etter ein vellukka dag. Me vil likevel forsøke å halde på tradisjonen om spikjikjøttur same onsdagen i juni som før, det er noko med tradisjonar, og me ser at det passar best for dei fleste.

Me fekk gjort mykje på dugnadshelga, og resten av utbetingane stod Terje, Michel, Svein og Rolf for sumaren og hausten igjennom:

I forkant fekk me bært opp ei god mengde materialar, og berre den som har prøva det veit kor tunge og seige bakkane er, så me tok uss god tid :D

Hytta og uthuset har blivi beisa, uthuset med to strøk. Her har me au fjerna dei rotne islektene og vindskier, og fått slått på og beisa nye.

Både hytta og doen i uthuset har fått ein god rundvask.

Det store glaset i stova har blitt kitta/måla.

Veden på tunet er gjort opp både med motorsag og for hand, og stabla fint inn i skjulet.

Noko skog har blitt rydda for betre utsikt ned til vatnet, og olla har blitt reparert mot rotevelta som har falt faretruande nær olleåpninga.

Hallingbu vart leigd ut 5 veker i juli/august, av ein kar som kjenner både hytta og Lillomarka frå før, og passa godt på ho. Han vart så nøgd at han heldt fram arbeidet med rotevelta ved olla. Den vart kappa ned slik at den reiste seg opp og så bygde han opp eit lite fuglehús som han satt på toppen - ein nevenyttig kar ! som også har dekorera hytteboka med fantastiske illustrasjonar-verdt å sjå og verdt å lese.

Når me no ser framover tenkjer me å rusta opp brønnhuset rundt olla med papp for å få tetta ho ordentleg, og få byggja opp sjølve huset med ei ramme i treverk slik at ho ikkje rotnar på rot ned i vatnet.

Mest håpar eg på turar i skogen med hytta som mål, og at så mange som mogeleg ynskjer å nytte seg av den lottogevinsten det er å ha fri tilgang til Hallingbu, og få kjenne på mulighetene og roen hytta gjev.

Eg vil ynskje alle eit godt nytt hytteår 2016 !

*Else Mohn
Hyttesjef*



Else er ikkje høgderedd og ho er god til å beise! Ein stor takk te ho for at ho står på!

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2016

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. **Hugs alltid å skrive på namn** på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktiskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Kom og dans! Ikkje vent til du ikkje orkar meir! Veit du at dans gjer deg klokare?

«Når du lærer nye turar og setter saman steg og trinn forbetrar du ikkje berre din koordinasjon og motorikk, men heile din hjernekapasitet! Eit 21 års studie utført av forskarar ved Albert Einstein «College of Medicine» i New York har vist, at menneske som dansar fleire gonger i veka, forbetrar sine kognitive evner markant! Dette betyr at dei blir flinkare til å lære og forstå ting. Og samstundes reduserer dei risikoen for å bli ramma av demens men heile 76 prosent!

- *Ikkje rart at me dansar og gler oss i laget!*

Mari Nustad – har flytta til Etnedal i Valdres!



Her kjem ein artikkel som stod i **Valdres-magasinet** i haust, om **Mari Nustad** som tidlegare har dansa mykje i Hallinglaget, men som no har kjøpt seg eiga småbruk i Etnedal og flytta dit!

*Artikkelen er skrive av journalist Alice Gudheim i avisas **Valdres**, som mange kjenner frå folkemusikkmiljøet.*

Foto:
Mari Nustad på Hallingbu sommaren 2014. Mari var også med i hyttestyret og me saknar ho veldig i Hallinglaget.

«I starten på ein draum» Mari Nustad vil skape økologisk besøkshage i Etnedal.

«Det er golvkaldt i den førti kvadratmeter vesle stova i hellinga ned mot Bruflat. I kjøkentaket er det roteskader og ringomnen har sett betre dagar.

Men på den kvite komfyren kokar snart kaffen, plantene i glaskarmen under kvite blondegardiner strekkjer seg mot lyset, og så kjem sola.

Besøkshage

Eg har lenge vore på jakt etter eit småbruk, seier Mari Nustad og langar over eit par tjukke sokkar. Fødd og oppvaksen i Gausdal er ikkje vegen så lang over til Etnedal. Ti år i Oslo har ho lagt bak seg og læraryrket er mellombels lagt på hylla. Frå den same hylla plukka ho ned att ein gamal draum om bærbusker og frukttrær, urter og grønsaker og om eit hus med sjel!

Omskolering må til om ein skal arbeide med jord og planter. No går eg siste året på VEA på Moelven for å utdanne meg til gartner. Økologisk jordbruk har alltid oppteke meg, og no er eg eit par steg nærmare draumen om å etablere ein besøkshage.

Besøkshagen til Mari skal grupper, skoleklassar og einskildspersonar om nokre år kunne vandre mellom nyttevekstar av alle slag. Kanskje kan ho halde kurs eller ha utsal og sjølvplukk.

Av eiga lomme

Det vesle bruket var ein gong husmannsplass under garden Øvre Haug, derav namnet Haugsengen. Det hører seksti mål til eigedommen, mykje av det skog. No har Mari hogd ned og rydda plass kring den vesle gule stova og det rauda uthuset. Taket på stova er fullrestaurert og glasa tok ho att, eitt etter eitt.

Ved første augekast ser det ut som eit reisverkhus i enkel sveitserstil. Men hjørnekassene avslører at dette er ei kledd timbre, og der ein innvendig har fjerna panelbord, kan ein sjå ut timberet i første etasje ser langt eldre ut enn det som er vidare oppover.

Eg har ein mistanke om at huset kan vera langt eldre enn det sveitsarstilen gjev utsyn for seier Mari, Under huset er det full kjellar med tjukke steinmurar.

Mari har søkt og fått avslag på nokre søknader. Restureringa går førebels frå eiga lomme.

Bu på ein byggeplass

Enno var ikkje flyttemeldinga sendt, ho såg for seg permanent innflytting sumaren 2015. Så fekk ho tilbod om jobb på mottaket på Tonsåsen med rask oppstart. No blir det å flytte inn midtvinters.

Standarden er enkel, her er korkje vannklosett eller dusj, Det elektriske er ikkje heilt i boks. Men bak uthuset har Mari bygd seg ein ny utedo med universell utforming. Størstedelen har ho sjølv snikkert. Eg hadde knappt slått inn ein spiker før eg om hit. No ser eg at eg evnar mykje meir enn eg trudde. Det vil eg nok få god bruk for framover.

Låven skal bli dansegolv og i uthuset skal det inn høner. Bier skal ho også skaffe seg. Naboar og bygdefolk gler seg over at den nye sambygdingen medan dei bistår med takskifer, låner ut dusjen og gode råd. Sola smelter snøen frå det nytekte taket. Dropane finn oppskriftsmessig vegen ned i takrenna, ikkje i takborda.

Glimrande artikkel skrive av Alice Gudheim, som hadde eit godt intervjuobjekt i Mari!

Hallinglaget i Oslo ynskjer Mari lykke til med dette omfattande prosjektet!

- Moro at det finns slike kvinner ...



Eit bilde som syner litt av huset og låven. Dei glimrande biletta i avis Valdres har me ikkje fått tak i! Men dei som kjem på ei øving kan få lese/sjå kopi av artikkelen der.

Hallinglagsnytt



1. *Hilde Kirkebøen, vår kjære spelvinne dei siste 20 åra, er også ein isbadar av rang!*

Hilde er så tøff til å bade at ein kan bli både kald, glad og sjokka, sjå på biletet korleis ho koser seg i Hallingdalselva 4. juledag på Ål, i 15. minus! Hunden hennar Laika har vett til berre å sjå på. Hilde og nokre venner på Ål stifta i fjar *Hallingdal Vinterlaugarlag*! – og i år kom dei i lokalavisa Hallingdølen. Hilde bader også regelmessig ute om vinteren i Oslo, oppve Frysja, viktigast er det å ha noko på hendene og og føtene sier ho! Her på bildet med nisselue!

2. *Kvedarkvintetten har CD-slepp på Riksscena laurdag 13. februar!* Dette blir garantert ein triveleg kveld der ein kan treffe mange hallinga. Eg synes dette må vere noko å få med seg for dei fleste som står på Hallinglaget si kontaktliste? Både Silje og Helga gler oss ved at dei bidrar med instruksjon og spel i Halinglaget. Eg saksar inn teksten som eg fann under programsidene på www.riksscenen.no

Kvedarkvintetten består av fem songarar frå den vesle bygda Torpo i Hallingdal. Dei er to + tre systrer; to blad Risdal Liahagen og tre blad Myhr. Dei har sunge i lag sidan dei var små og har såleis fått eit felles uttrykk og ein naturleg måte å synge og følgje kvarandre i songen på. Alle medlemmene i gruppa er svært aktive i folkemusikkmiljøet i Noreg i dag innanfor både song, dans og spel, og kvintetten har også merka seg ut fleire år på rad i open klasse på

Landskappleiken. Kvedarkvintetten vil gjerne vere med på å bidra til at tradisjonssongen frå Hallingdal blir meir synleggjort, då det framleis er mykje ukjend stoff som fortener å kome fram i lyset.

Hausten 2015 spelte gruppa inn debutplata si som blir sleppt 13. februar på Riksscenen

Margit Myhr - vokal, Sina Myhr - vokal, Helga Myhr - vokal, Tonje Risdal Liahagen - vokal Silje Risdal Liahagen – vokal. Det blir også spel på hardingfele og lyre ved søstrene Myhr.

3. Vår kjære hyttestyremedlem ***Michel Gascoin*** vart far for andre gong 7. november. Då fekk dei ei frisk og fin lita jente ein månad før tidleg. Dei har ein son frå før som alt har vore på Hallingbu fleire gonger, og som liker seg der! *Hallinglaget gratulerer hjertligst!*

Ein topp Folkemusikkveld det alt klaffa! - 6. des. 2015.



Prøysen, Piaf og Paganini – ein julespesial Folkedanskveld med konsert! Foto: Svein Aasen.

Veldig gledeleg at BLS fekk til eit slikt arrangement te jul! – det lyste opp! Minst 80 møtte opp! Hurra: Evald Fredholm er vel den beste Prøysen-tolkaren me har i dag? - Ole Nilssen er fantastisk på trekkspel, og unge Sunniva Christensen studerer klassisk fiolin på Musikhøgskola.

Alle desse er med i dansemiljøet her i Oslo, og det er gledeleg at også eindel unge er med!
Etterpå spelar **Dølalæte** (sjå bildet) som er noko av det beste innan dagens gamaldansmusikk!
Terje

Folkedanskveldar våren 2016

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
10. jan	Fanteladdane	Rørospols	Hordaringen
17. jan	Dølalæte	Valdresspringar	Valdreslaget
24. jan	Rasmus Kjorstad m/vener	Hallingspringar!	Numedalslaget
31. jan	Bærum spelemannslag	Bingsjøpolkska	Sogn- og Fjordaneringen
7. feb	Eiker spelemannslag	Stildans	Symra
14. feb	Brødrene Kjorstad	<i>ikkje avklart!</i>	<i>ikkje avklart!</i>
21. feb	Vinterferie – utgår!	---	---
28. feb	De Frilynde	Vestlandsspringar	Hordaringen
06. mar	Enebakk Spelemannslag	Nordlandspols	Hallinglaget i Oslo !
13. mar	Steinsgårdskroken	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
	Påska 2016	---	---
03. apr	Farande Fant	Stildans	Symra
10. apr	Brødrene Kjorstad	Finnskogspols	BUL
17. apr	Østerdølenes spellmannslag	<i>ikkje avklart!</i>	<i>ikkje avklart!</i>
24. apr	Tonje og Stein Magne	Polska frå Bingsjø og Boda	Sogn- og Fjordaneringen
01. mai	Elise T m/vener	Finnskogspols	Hordaringen
08. mai	Ingen folkedanskveld	---	---
17. mai	De Frilynde	17. mai!	Folkedansnemnda i BLS
22. mai	Dølalæte	Springar!	Symra
29. mai	Sofienberg Spelemannslag	<i>ikkje avklart!</i>	<i>ikkje avklart!</i>

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medl. kr 120,- / Studentar kr 50,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 120,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)** Berre kr. 80,- for studentar.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bl.no

e-post: post@bls.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

Styret i Hallinglaget 2015–2016

Leiar: Terje Grangård Tlf.: 482 04 652 – mobil
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@online.no

Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen Tlf: 480 40 062 – mobil
E-post: beritsatelier@hotmail.com

Kasserar: Gro Sissel Taraldrud Tlf: 480 34 943 – mobil
Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr E-post: gst@cultura.no
➤ Fram til 1. juli: Elin Berget, som då flytta til Gol!

Skrivar: Sigbjørn Galdal
Skogveien 65F, 1640 Råde Tlf: 480 09 581 – mobil
 E-post: Sigb-g@online.no

Medlemer: Else Mohn Tlf: 958 79 270 – mobil
Resjhjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Simon Hesselberg Løvald Tlf: 936 37 316 - mobil,
Henrik Ibsens gt. 11, 4878 Grimstad E-post: simonlovald@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård Tlf: 482 04 652
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 958 79 270
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth og Hilde Kirkebøen.

Revisor: Alix Cordray **Tlf.:** 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Ola R. Imset.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er:www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%